

GISKE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi: Ordførar, rådmann, kommunerevisjon

Medlemane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Tysdag 19.03.2019 kl. 13.00 på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 05/19 Godkjenning av møtebok frå møte 27.11.2018
- Sak 06/19 Diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon.
- Sak 07/19 Orientering om Giske kommunes høve til Stiftinga Alnes Fyr v/rådmann.

Eventuelt

Gunnar Morsund  
leiar  
(sign.)

## **Sak 05/19 Godkjenning av møtebok frå møte 26.02.2019**

KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE

### **MØTEBOK**

Møtedato: 26.02.2019 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av nestleiar Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske og Karin Kalvø Giske.

Forfall: Gunnar Morsund og Anne Lise Hessen Følsvik

#### **= 3 voterande**

Frå administrasjonen møtte rådmann Marianne Stokkereit Aasen, kommunalsjef Lene Bjørlo og einingsleiar Lene Sørensen under sakene 01/19, 02/19 og 04/19.  
Ordførar Harry Valderhaug deltok i heile møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent men kontrollutvalet valgte å handsame sak 04/19 før sak 03/19.

Kontrollutvalet valgte å utsette orienteringa om Giske kommune sitt høve til Stiftinga Alnes fyr. Dette blir satt på sakslista til neste møte 19. Mars 2019.

**Sak 01/19 Godkjenning av møtebok frå møtet 27. november 2018****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå 27. November 2018 vart godkjent.

---

**Sak 02/19 Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. februar 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
  2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til vitande.
- 

**Sak 03/19 Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Giske kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. februar 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

---

**Sak 04/19 Orientering om rutinar ved tildelingskontoret i Giske kommune v/ rådmann.**

Einingsleiar Lene Sørensen gav ei brei innføring i bakgrunnen for og opprettinga av tildelingskontoret. Vidare fortalte ho litt om oppgåvene, bemanninga og utfordringar i eininga. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet ønskjer at kommunestyret får ei sak om erfaringane og rutinane ved tildelingskontoret slik at kommunestyret kan diskutere om opprettinga av denne eininga har vore etter intensjonen.

**Eventuelt:**

På neste møte vil sekretariatet leggje fram ei sak om mogleg bestilling av forvaltingsrevisjon. Kontrollutvalet er gjort kjent med at ein slik rapport kanskje ikkje blir ferdig før eit nytt kontrollutval er konstituert og på plass i Giske kommune.

Møtet vart slutt kl. 14.40

Dag Oksnes

nestleiar

(sign.)

Arnfinn Rune Giske

medlem

(sign.)

Karin Kalvø Giske

medlem

(sign.)

## **Sak 06/19 Diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon.**

### **Bakgrunn:**

Giske kontrollutval gjorde i sitt møte 5. februar 2018 følgjande vedtak:

### ***SAK 03/18 Plan for Forvaltnigsrevisjon***

*Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.01.2017 (epost)*

*Innstillinga i saka frå sekretariatet var som fylgjer:*

1. *Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å foreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.*
2. *Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.*

### ***Leiar Gunnar Morsund fremma på vegna av utvalet eit alternativ punkt 2 i innstillinga:***

*Kommunestyret tek plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering, og ber om at områda «sjølkost innafor VAR» og «arbeidsgivaransvaret» i kommunen blir prioritert.*

### ***Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:***

1. *Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å foreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.*
2. *Kommunestyret tek plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering, og ber om at områda «sjølkost innafor VAR» og «arbeidsgivaransvaret» i kommunen blir prioritert.*

## **Vurdering:**

Kontrollutvalet bør i dag diskutere om dette framleis har aktualiteten sin eller om det er andre prosjekt som kan vere aktuelle. Vidare bør Kommunerevisjon 3 seie litt om mogeleg framdrift og levering på nytt forvaltingsrevisjonprosjekt. Sjølv om det kanskje ikkje er mogeleg å garantere at eit slikt prosjekt kan leverast innan utgangen av virkeperioden til dette kontrollutvalet, er det etter meiningsa til sekretariatet av stor nytte for eit nyvald kontrollutval å kunne vidareføre og levere til eit nytt kontrollutval i Giske kommune. Men slike ting bør kontrollutvalet diskutere i møte og avklare nærmare med revisjonen.

Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løvvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav. Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksemdebord i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbettingsarbeidet i kommunen.

Formålet med denne saka er at utvalet skal diskutere seg fram til eit eller fleire tema for forvaltningsrevisjon og deretter prioritere kva som er viktigast. Vidare skal utvalet gjere eit vedtak som blir grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon hos Komunerevisjon 3. Dei vil så kome tilbake på neste møte med ei prosjektskisse og planen kan settes i bestilling.

Saka blir lagd fram utan tilråding til vedtak men det blir forventa at kontrollutvalet diskuterer og avklarar ei mogeleg ny bestilling av forvaltningsrevisjonsrapport. En skisse kan i så fall leggast fram på utvalets neste møte.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 07/19 Orientering om Giske kommunes høve til Stiftinga Alnes Fyr v/rådmann.**

### **Bakgrunn:**

*Frå møteboka til kontrollutvalet 26. februar 2019:*

*Kontrollutvalet valgte å utsette orienteringa om Giske kommune sitt høve til Stiftinga Alnes fyr. Dette blir satt på sakslista til neste møte 19. Mars 2019.*

---

På bakgrunn av den informasjonen som no er forventa å verte nærmere belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærmere orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat